



Saksframlegg

Rekneskap 2024 - Fyresdal kommune

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	28/25	11.06.2025
Kommunestyret	38/25	19.06.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Rekneskap 2024 - Fyresdal kommune
- 2 Fyresdal 2024 revisjonsmelding.pdf
- 3 Årsrekneskap 2024 - kontrollutvalet si uttale
- 4 Fyresdal 2024 revisjonsmelding.pdf
- 5 Nr.brev 4 Fyresdal 2024.pdf
- 6 Saksutskrift - Årsrekneskap 2024 for Fyresdal kommune - kontrollutvalet si uttale.pdf

Bakgrunn for saka:

Det er kommunestyret som godkjenner årsrekneskapen, etter innstilling frå formannskapet. Rekneskapen skal vere godkjent seinast 6 månader etter rekneskapsåret sin slutt. Frå og med 2020 skal eit mindreforbruk avsettast til disposisjonsfond som del av årsoppgjørdisposisjonane, dvs. at rekneskap avsluttast i balanse eller med eit meirforbruk. Ved eit eventuelt meirforbruk i drift eller eit udekket beløp i investeringsrekneskapen, skal dette som hovudregel dekkast inn året etter at det oppsto (kommunelova §14-11). Kontrollutvalet har hatt Fyresdal kommune sin årsmelding og årsrekneskap til uttale i møte 5. juni.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet.

Handsaminga av årsrekneskapen er fyrst og fremst å stadfeste at det framlagte rekneskapsdokumentet gjev eit korrekt bilete av dei disponeringane som er gjort gjennom året, og den økonomiske stoda pr. 31.12. Vidare dokumenterer årsrekneskapen at disponeringar er gjort i samsvar med vedtak og fullmakter, lovar og forskrifter. Det er viktig å sjå denne saka i samanheng med årsmeldinga. Rekneskapen syner inntekter og disponering av desse gjennom rekneskapsåret, og status ved utgangen av året, men gjev lite informasjon om bakgrunnen for valte disponeringar. Dette kjem til uttrykk i årsmeldinga. Rekneskapen er revidert og godkjent av Vestfold og Telemark revisjon IKS den 23. mai.

Netto driftsresultat i 2024 vart eit negativt resultat på kr 657 275,- mot eit budsjettera resultat på 22,5 million i pluss. Det er difor eit avvik i rekneskapen på 23 millionar kroner i forhold til revidera budsjett. Dette skuldast premieavvik på pensjon med om lag 16 millionar, mens resten 7 millionar er direkte meirutgifter i sektorane. Alle sektorane hadde meirforbruk i forhold til sine tildela budsjetterammer.

Det negative driftsresultatet førte til at ein manglar finansiering av investeringsrekneskapen med om lag 17 millionar, som var tenkt finansiert frå driftsoverskot. Avsetting til disposisjonsfond måtte reduserast i tillegg med om lag 7 millionar i forhold til revidert budsjett.

Disposisjonsfondet vart redusert med 5 millionar istadenfor å auke med 3 millionar som var budsjettera. Disposisjonsfondet er pr. 31.12.2024 på kr 17,5 millionar.

Manglande finansiering frå drift til investeringsutgiftene gjev eit udekka beløp på kr 17,2 millionar som må dekkast inn i 2025.

Dei største investeringsprosjekta har vore opparbeiding av nytt industriområde på Molandsmoen, oppstart av infrastruktur på nytt bustadfelt på Århusjordet samt opprustninga av kulturhuset.

Det er også gjennomført kjøp av Stykkjevika og bustadområde på Moghus som er finansiera med lån, noko som har ført til at lånegjeld har auka litt, og er pr. 31.12.2024 på 88 millionar.

Konklusjon:

Årsrekneskapen for 2024 viser eit godt bilete av årets inntekter og disponeringar av dei og den økonomiske stoda til Fyresdal kommune pr. 31.12.2024.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune sitt årsrekneskap for 2024 vert godkjent slik det ligg føre.

Udekka beløp i investeringsrekneskapen vert dekt med

- bruk av ubruka lånemidlar kr 1 901 298,51
- bruk av ubundne investeringsfond kr 1 056 365,95
- bruk av disposisjonsfond (investeringsfond avsett drift) kr 9 209 256,53, (Rente og avdragfond – utbygging) kr 401 000,-
- Reduksjon av investeringar i 2025 med kr 4 699 051,51.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Kjersti Bergland
	økonomi og stabssjef